

Flygtningenævnets baggrundsmateriale

Bilagsnr.:	532
Land:	Afghanistan
Kilde:	Landinfo
Titel:	Temanotat, Afghanistan, Media og journalistar
Udgivet:	29. august 2014
Optaget på baggrundsmaterialet:	1. oktober 2014

Temanotat

Media og journalistar



Utlendingsforvaltningens fagenhet for landinformasjon (Landinfo) skal som faglig uavhengig enhet innhente og analysere informasjon om samfunnsforhold og menneskerettigheter i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet har behov for kunnskap om.

Landinfos rapporter og temanotater er basert på opplysninger fra både åpne og anonyme kilder. Opplysningene er innsamlet og behandlet i henhold til kildekritiske standarder.

Informasjonen som blir lagt fram i rapportene og temanotatene, kan ikke tas til inntekt for et bestemt syn på hva praksis bør være i utlendingsforvaltningens behandling av søknader. Landinfos rapporter og temanotater er heller ikke uttrykk for norske myndigheters syn på de forhold og land som omtales.

© Landinfo 2014

Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverklovens bestemmelser. Uten særskilt avtale med Landinfo er enhver eksemplarframstilling og tilgjengeliggjøring bare tillatt i den utstrekning det er hjemlet i lov.

Alle henvendelser om Landinfos rapporter kan rettes til:

Landinfo
Utlendingsforvaltningens fagenhet for landinformasjon

Storgata 33 A

Postboks 8108 Dep

N-0032 Oslo

Tel: 23 30 94 70

E-post: landinfo@landinfo.no

www.landinfo.no

SUMMARY

In 2013 more than 200 radio channels, 75 TV stations and 300 written publications were registered in Afghanistan.

Freedom of the press is guaranteed in the constitution, still there are several reasons for this not to be realised on the ground. The government, Taliban, armed opposition and other strong-men put pressure on journalists, and Afghan journalist organisations have the latest years reported an increasing number of cases of violence against journalists. Due to pressure, the danger of being exposed to sanctions and unclear judicial frameworks, journalists and publishers conduct self-censorship on controversial issues. This particularly concerns religion and 'national interests'.

Although there is less self-censorship and a possibility to write more freely on the expanding social media, direct criticism towards named persons may lead to violent reactions if the person in question has the power and the means to carry out the reactions.

SAMMENDRAG

I 2013 var det registrert over 200 radiostasjonar, fleire enn 75 tv-stasjonar og i overkant av 300 skriftlege publikasjonar i Afghanistan.

Pressefridom er grunnlovsfesta, likevel er det fleire grunnar til at dette ikkje er situasjonen i praksis. Myndigheitene, Taliban, væpna opposisjonelle og lokale makthavarar utøver press mot journalistar, og afghanske journalistorganisasjonar viser til aukande rapporterte tilfelle av truslar og vald mot journalistar dei siste åra. Press, fare for sanksjonar og uklare juridiske rammeverk fører til at journalistar og utgjevarar utfører sjølvensur rundt kontroversielle tema. Dette omfattar særleg religion og 'nasjonale interesser'.

Bruken av sosiale media aukar. Sjølv om det er mindre sjølvensur og lågare terskel for kva som publiserast, kan direkte kritikk mot namngitte personar føre til voldelege reaksjonar om vedkommande har makt og middel til å gjennomføre dei.

INNHALD

1. Innleiing	5
2. Medielandskapet	5
2.1 Omfang	5
2.2 Eigarskap og uavhengig rapportering.....	6
2.3 Journalistar	7
3. Pressefridom	7
3.1 Lovverk.....	7
3.2 Praksis.....	9
4. Ytringsrom.....	9
4.1 Islamkritikk og blasfemi.....	9
4.1.1 Saker til rettsleg behandling.....	10
4.1.2 Grenser for islamkritikk	11
4.2 ‘Nasjonale interesser’ – myndigheitskritikk og personkritikk.....	12
4.2.1 ‘Ærekrenking’	13
5. Vold og truslar mot journalistar.....	14
6. Sjølvsensur	15
7. Sosiale media	15
7.1 Omfang og bruk.....	16
7.2 Sensur	17
7.3 Reaksjonar / sanksjoner	17
8. Referansar.....	18

1. INNLEIING

Afghansk media har vakse eksplosivt etter 2001, både når det gjeld radio, TV og skriftlege publikasjonar. I alt skal 12 000 journalistar vere i arbeid.

Til tross for at pressefridom er grunnlovsfesta er det fleire grunnar til at dette i praksis ikkje er situasjonen. Myndigheitene, Taliban, væpna opposisjonelle og lokale makthavarar utøver press mot journalistar for å sikre favoriserande rapportering og meningsytringar. Dei kan også utføre sanksjonar, til tider valdelege, ved uønskt mediedekning. Afghanske journalistorganisasjonar viser til aukande rapporterte tilfelle av truslar og vald mot journalistar dei siste åra.

Dette notatet er utarbeida på bestilling frå utlendingsforvaltninga. Det gir ikkje eit fullstendig bilde av situasjonen for media i Afghanistan i dag, men omhandlar tema som er særskilt relevante for utlendingsforvaltninga. Notatet gjev eit bilde av medielandskapet og lovverket, og ser nærare på kva ytringsrom journalistar i praksis har, kvar grensene for dette rommet går, og kva sanksjoner journalistar som bryt grensene, kan stå i fare for. Ein eigen del omhandlar sosiale media.

Informasjonen til notatet er henta frå offentleg tilgjengelege kjelder og informasjon Landinfo samla inn under si reise til Kabul i oktober 2013. Her var situasjonen for journalistar eit tema med fleire møtepartnerar. I notatet har Landinfo valt å anonymisere kjeldene vi har hatt direkte kontakt med.

2. MEDIELANDSKAPET

2.1 OMFANG

Utviklinga av media og auka pressefridom blir ofte framheva som ein av suksesshistoriene etter 2001. Under Taliban sitt styre bestod afghansk media av ein statleg radiokanal 'Radio Shariat' og to aviser. Frå 2002 har medielandskapet blomstra, og ved utgangen av 2013 var det registrert over 200 radiostasjonar, meir enn 75 TV-stasjonar og i overkant av 300 skriftlege publikasjonar (AJSC 2014).

Skriftlege publikasjonar; dags-, veker- og månadlege aviser og magasin, har forholdsvis låg sirkulasjon og blir primært publisert i urbane senter. Det amerikanske utanriksdepartementet estimerer desse til å nå rundt 13 prosent av befolkninga. Dette skuldast den generelt høge analfabetismen i landet, utfordringar når det gjeld distribusjon, konkurranse frå andre lettare tilgjengelege media og minkande inntekter. Radio er det mest brukte mediet med eit nedslagsfelt blant 89 prosent av befolkninga, mens TV stadig vinn terreng og når ut til 42 prosent (U.S. Department of State 2014)¹. Prosentdelen som lyttar til radio, er høgare i rurale enn urbane områder, mens TV-bruken er motsett (Hopkins 2013).

¹ Tal frå Aisan Foundation om korleis befolkninga får tilgang til informasjon, viser lik tendens. Om lag 80 prosent brukar radio, og 54 prosent brukar TV (Hopkins 2013).

2.2 EIGARSKAP OG UAVHENGIG RAPPORTERING

Ifølgje Freedom House speglar eigarskapet av dei ulike medieføretaka det ueinsarta kulturelle og politiske landskapet i Afghanistan. Eigarar og interessentar er politiske parti, tilhøyrer ulike etniske grupper, internasjonale donorar, utanlandske statar som Iran og Pakistan som ønskjer innflytelse i landet, og private aktørar (Freedom House 2013). Ein medieorganisasjon (samtale i Kabul, oktober 2013) skisserar fem hovudkategoriar av medieeigarar i Afghanistan:

- 1) *Myndigheitene*: eig og driv blant anna den nasjonale kringkastinga RTA (National Radio Television Afghanistan) samt nyheitsbyrået Bakhtar News Agency;
- 2) *Private selskap*: kommersielle aktørar, både reine medieføretak og selskap som eig medieføretak i tillegg til anna business. Eksempel på sistnemnte er Afghan Wireless, eit telekommunikasjonsselskap som også eig fem ulike medieføretak deriblant Ariana Radio and Television Network og ulike publikasjonar. Moby Group er eit reint medieføretak som eig blant anna TV-stasjonane TOLO TV og LEMAR TV, radiostasjonane ARMAN FN og Arakozia FM i tillegg til TOLONews;
- 3) *Politiske parti/politikarar*: fleire velkjende politikarar (krigsherrar) eig TV- og radiostasjonar samt publiseringshus. Eksempelvis eig den tidlegare krigsherren og noverande leiar for partiet Jumbesh-i Milli, Abdul Rashid Dostum, TV-kanalen Ayna TV. Tidlegare president Rabbani eigde Noor TV, og Sayyaf (noverande parlamentsmedlem) eig Dawad TV. På regional- og provinsnivå vil lokale maktpersonar ha tilsvarande eigarinteresser i ulike typar media;
- 4) *Privatpersonar med støttespelarar*: privatpersonar står som eigarar, men får støtte utanfrå. Dette kan vere frå politiske eller etniske sirklar vedkommande høyrer til, direkte eller indirekte støtte frå politiske nasjonale og internasjonale aktørar, eller støtte frå internasjonale donororganisasjonar;
- 5) *Lokalsamfunn*: etter 2003 blei det etablert mange lokale radiostasjonar, den første i Bamyan. Leiaren for stasjonen kjem ofte frå lokalsamfunnet, og det er lokalsamfunnet sjølv som eig stasjonen. Det er rundt 60 registrerte lokalradioar i landet.

Det er vanskeleg å vurdere i kva grad det finst uavhengig rapportering. Eigarforholda påverkar profilen og innhaldet i det som blir publisert, og særleg politiske aktørar og parti er kjent for å bruke sine medieføretak til propagandaføremål og for å hindre kritiske ytringar. Dette kan også delvis vere tilfelle med føretak som har ei sterk etnisk tilknytning, der andre etniske grupper blir framstilt i eit dårleg lys.

Representanten frå medieorganisasjonen meiner dei ulike formene for eigarskap samtidig gjev bakgrunn for eit nyansert bilde når det gjeld i kva grad ein har uavhengig eller upartisk rapportering i pressa. Han meiner det finst objektiv og upartisk rapportering, men at dette gjeld for under halvparten av det som blir publisert og kringkasta (samtale i Kabul, oktober 2013). Private aktørar, særleg kommersielle og reklamebaserte, blir framheva som i størst grad å kunne rapportere upartisk (Freedom House 2013).

2.3 JOURNALISTAR

Det auka talet medieorgan har også leia til ei eksplosiv auke i tal journalistar. Frå å vere rundt 2000 journalistar i 2002 er det i dag over 12 000, derav 2000 kvinner. I tillegg er det etablert elleve interesseorganisasjonar for journalistar. Kvaliteten står derimot ikkje i samsvar med kvantiteten. Ti år er, ifølgje ein samtalepartner, ikkje lang nok tid for å utvikle ei robust og profesjonalisert mediedekning. Manglande upartisk rapportering er fremdeles i stor grad ei utfordring, og forholdsvis lite undersøkende journalistikk blir utført (samtale i Kabul, oktober 2013).

Afghan Journalist Safety Committee (AJSC), ein av fleire interesseorganisasjonar for journalistar, er også bekymra for manglande profesjonalitet blant journalistar. Mange medieføretak har dårleg leiing og viser manglande interesse for kapasitetsbyggande tiltak for sine tilsette. Det er heller inga felles «Code of Conduct», eller etiske retningslinjer for godt journalistarbeid. Organisasjonen hevdar denne manglande profesjonaliteten kan føre til at journalistar blir utsett for truslar og vald (AJSC 2014).

Det blir undervist i journalistikk ved fleire afghanske universitet. Det har blitt retta kritikk mot utdatert og sprikande pensum, og fleire prosjekt er sett i gang for å oppdatere pensum. Dette inneber å gjere undervisninga meir praktisk og tilpassa situasjonen dagens journalistar står overfor (IWPR 2013a; IWPR 2013b). I tillegg er det fleire internasjonale organisasjonar som både støttar afghanske medieføretak og som tilbyr kortare og lengre kurs innan journalistikk (Freedom House 2013). Tross desse utdanningsmoglegheitene vil det vere naturleg å anta at med over 10 000 nyregistrerte journalistar etter 2001, vil profesjonaliteten og kvaliteten på produkta variere.

3. PRESSEFRIDOM

3.1 LOVERK

Pressefridom er lovfesta i grunnlova, artikkel 34:

Freedom of expression shall be inviolable.

Every Afghan shall have the right to express thoughts through speech, writing, illustrations as well as other means in accordance with provisions of this constitution.

Every Afghan shall have the right, according to provisions of law, to print and publish on subjects without prior submission to state authorities.

Directives related to the press, radio, and television as well as publications and other mass media shall be regulated by law

(Constitution of Afghanistan 2004).

Det er likevel restriksjonar på kva som kan trykkast. Kapittel 10 i massemedielova frå 2009 omtalar arbeid og materiale som er forbode å produsere og publisere. Artikkel 45 viser til følgjande:

Production, reproduction, print and publishing of the following reports and material in mass media, and agencies mentioned in article (27) of this law are not permissible:

- 1. Works and materials those are contrary to the principles and provisions of the holy religion of Islam.*
- 2. Works and materials which are offensive to other religions and sects.*
- 3. Works and materials which are defamatory, insulting and offensive to the real or legal persons.*
- 4. Works and materials which are considered libelous/defamatory to real and legal persons, and cause damage to their personality and credibility.*
- 5. Works and materials which are contrary to the Constitution and are considered crime by the Penal Code.*
- 6. Publicizing and dissemination (promoting) of religions other than the holy religion of Islam.*
- 7. Disclosure identity and broadcasting of pictures of the victims of violence and rape in a way to damage their social dignity.*
- 8. Works and material that harm psychological security and moral wellbeing of people, especially children and adolescent (Mass Media Law 2009).*

Lova frå 2009 er den fjerde versjonen av medielova sidan 2002. I 2012 starta ein ny revisjonsprosess, og ved utgangen av 2013 var endringsforslaget framleis til behandling i parlamentet (U.S. Department of State 2014). I forbindelse med den reviderte utgåva er det særleg tre tema som diskuterast:

1) Krenking av nasjonale interesser

I oktober 2012 bad regjeringa Ministry of Culture and Information (MoIC) å sikre at nasjonale interesser ikkje blir krenka i det offentlege. Medieorganisasjonar etterlyser ei klargjering av kva 'nasjonale interesser' inneber. Dei fryktar at myndigheitene vil bruke dette for å hindre kritikk mot eigne praksisar og såleis innskrenke ytringsfridomen (Sediqi 2012; UNAMA 2012).

2) Mass Media Commission

Mass Media Commission skal etter lova frå 2009 blant anna ha ansvar for å ta imot, behandle og vidareformidle legale tvistar som omhandlar medieføretak og journalistar, til det juridiske systemet. Denne kommisjonen hadde derimot ikkje trådd i kraft ved utgangen av 2013, og det er den tidlegare etablerte Media Violation Investigation Commission (MVIC) som tek i vare oppgåvene. Mange av medlemmane i MVIC er tett knytt til myndigheitene, og informasjons- og kulturministeren leiar sjølv kommisjonen. Kommisjonen blir skulda for å verne myndigheitene mot media, mens kommisjonsmedlemmar sjølv hevdar å slå ned på det dei ser som 'usanne skuldingar og slett journalistarbeid' (Samandary 2013).

Gjennom 2013 har det vore diskusjonar om kven som skal ha posisjonane i Mass Media Commission. Medieorganisasjonar ønskjer ein uavhengig kommisjon med ei overvekt av sivilsamfunnsrepresentantar og profesjonelle mediepersonar for å hindre ytterlegare innskrenking av ytringsfridomen, mens informasjons- og kulturministeren sjølv ønskjer ein sentral posisjon (samtale i Kabul, oktober 2013; Samandary 2013).

3) Access to Information Law

Medielova (artikkel 5) slår fast at alle borgarar har rett til å søke og få informasjon frå myndigheitene, med mindre det handlar om konfidensiell informasjon, informasjon som skadar nasjonale interesser, territorial integritet, eller rettane til borgarane (Mass Media Law 2009). Ifølgje journalistorganisasjonar har myndigheitene etter 2007 stadig blitt meir tilbakehaldne med å dele informasjon, og journalistar blir mange gonger nekta tilgang (samtale i Kabul, oktober 2013). I 2012 tok medieorganisasjonar og sivilsamfunnsorganisasjonar initiativ til eit lovverk som skal sikre borgarane tilgang til offentleg informasjon frå myndigheitene. Først 30. juni 2014 blei lovforslaget godkjent i Wolesi Jirgah (underhuset i det afghanske parlamentet). Før lova trer i kraft skal den godkjennast av overhuset og presidenten (IWA 2014).

3.2 PRAKSIS

Freedom House vurderer pressefridomen i eit land ut frå ein internasjonal standard der dei blant anna ser på press frå statlege og ikkje-statlege aktørar, lovverk og finansiering. Dei gir Afghanistan 67 poeng (på ein skala der 1 er heilt fritt, og 100 er ikkje fritt), og konkluderer at det ikkje er ei generell pressefridom i landet (Freedom House 2013).

Under samtaler i Kabul (oktober 2013) viser fleire til at medielova frå 2009 er ei av dei mest liberale i regionen og at media er forholdsvis frie samanlikna med nabolanda. Ifølgje ei kjelde er det likevel ein 'falsk' pressefridom, det er det internasjonale presset mot afghanske myndigheiter som gjer at situasjonen er forholdsvis haldbar. Mange fryktar derimot at endringane som er under diskusjon til den reviderte presselova, kan innskrenke den noverande pressefridomen.

Det er generelt lite kunnskap om lova både blant journalistar og hos myndigheitene. Dette gir ein usikker arbeidssituasjon, og blir hevda å vere ein av grunnane til at journalistar i stor grad utfører sjølvensur i redsle for reaksjonar frå myndigheitene, og frå samfunnet for øvrig.

Maktpersonar og politiske interessentar utøver også press mot journalistar som skrenkar inn pressefridomen. Organisasjonen Reporters Without Borders (2012) beskriv situasjonen slik:

Afghanistan's independent media find themselves squeezed between, on the one hand, media that are funded and controlled by warlords and foreign governments such as Pakistan and Iran, who are thus able to meddle in the country's internal affairs, and, on the other, by the Taliban and by corrupt government officials who pressure them to say nothing.

Ulike kjelder framhevar særleg to saksområde der pressefridomen er avgrensa: islam og 'nasjonale interesser'.

4. YTRINGSROM

4.1 ISLAMKRITIKK OG BLASFEMI

Religion står svært sterkt i Afghanistan, og det er ikkje mogleg å rette eit kritisk søkelys mot islam i det offentlege rom. I paragraf 45 i medielova er det presisert at

det er forbode å publisere materiale som strir mot islam og islamske prinsipp. Grunnlova slår fast at islam er den heilage religionen i landet og at ingen lovverk kan stå i motsetnad til religionen. Kapittel 18, artikkel 347, omhandlar ‘lovbrot mot religionar’. Blasfemi er derimot ikkje direkte omtalt her, og blir dermed regulert under Hanafi-lovskulen si tolking av sharia (jf. grunnlovas artikkel 130) (Constitution of Afghanistan 2004).

U.S. Department of State (2013) beskriv situasjonen slik:

The criminal code also makes no specific references to spoken or written utterance of insults or profanity against deities, religions, sacred symbols, or religious books; courts therefore rely on Islamic law to address this issue. Blasphemy – which can include anti-Islamic writings or speech – is a capital crime under some interpretations of Islamic law. For males over age 18 and females over age 16 of sound mind, and Islamic judge may impose a death sentence for blasphemy. Similar to apostates, those accused of blasphemy are given three days to recant or face death.

4.1.1 Saker til rettsleg behandling

Etter 2004 har berre eit fåtal blasfemisaker vore rettsleg behandla i Afghanistan. Saka mot Sayed Perviz Kambakhsh er den mest kjende av desse. I oktober 2007 blei journaliststudenten Kambakhsh arrestert, skulda for å ha skrive og distribuert materiale som var kritisk til kvinner si stilling i islam. Kambakhsh sjølv hevda å berre ha skrive ut og distribuert materiale frå internett. I januar 2008 blei han dømt til døden ved ein domstol i Mazar-i Sharif for blasfemi - for å ha krenka islam. I oktober 2008 blei dødsdommen gjort om til 20 års fengsel ved anke-domstolen i Kabul. Fengselsdommen blei opprettholdt av høgsterett i februar 2009.

Rettargangen var prega av å vere uregelmessig og utsett for politisk press frå konservative religiøse nasjonale grupperingar. Etter sterkt internasjonalt press blei Kambakhsh benåda av president Karzai i september 2009, og han forlot landet (HRW 2009; Sengupta 2009). Det afghanske parlamentet kommenterte benådninga med ei pressemelding der det stod at parlamentet: “expresses its strongest concerns and annoyance and considers this decision contrary to the Islamic values and the laws in place in the country” (Sydney Morning Herald 2009). Landinfo sine kjelder meiner at parlamentet si fordømming av benådninga illustrerer at det ikkje er pressefridom i landet. Kambakhsh-saka var ingen siger for pressefridomen, det var heller eit bevis på det motsatte og viser at det er svært vanskeleg å vere kritisk til islam i det offentlege rom (samtale i Kabul, oktober 2013).

Ei anna blasfemisak som har vore rettsleg behandla, er saka mot journalisten Ghauz Zalmai og Mullah Qari Mushtq. I 2008 blei dei dømt til 20 års fengsel etter å ha oversett Koranen til dari og publisert den utan arabisk følgeskrift². Dei var også skulda for å ha feiltolka nokon av koranversa. I 2010 benåda presidenten Zalmai og Mushtq (samtaler Kabul, oktober 2013; U.S. Department of State 2010).

I oktober 2005 blei Ali Mohaqiq Nasab, journalist og redaktør for eit kvinnerettsmagasin, dømt til to års fengsel for blasfemi etter å ha stilt spørsmål ved

² Ifølgje tradisjonen/religionen vil ein gjennom å omsette alltid miste noko av innhaldet. Ei omsetting vil aldri kunne vere ei rett attgjeving av originalen, og den blir dermed ikkje sett som fullstendig.

dei strenge straffene mot kvinner i tradisjonell islamsk lov. Han ga også uttrykk for at fråfall frå islam ikkje burde bli sett som kriminelt. Nasab blei lauslatt i desember 2005 etter at ankedomstolen reduserte straffa (U.S. Department of State 2008).

I 2003 blei to forleggarar av eit vekemagasin i Kabul arrestert, skulda for å ha 'fornærma islam'/blasfemi. Mens konservative krefter i det juridiske systemet ønskte full rettsprosess, blei dei to varetektsfengsla lauslatt mot kausjon etter instruksar frå president Karzai. Skuldinga om blasfemi fall derimot ikkje frå, og redaktørane flykta utanlands (U.S. Department of State 2005).

Representanten for ein medieorganisasjon (samtale Kabul, oktober 2013) underbygger at det berre er eit par blasfemisaker som har vore rettsleg behandla, og i 2013 var det ingen personar i fengsel skulda for blasfemi. Han, til liks med mange andre, meiner sjølvensur hos journalistane og utgjevarane er hovudgrunnen til at ein generelt ser lite eller ingen islam-kritikk i media, og dermed ingen blasfemisaker.

Etter 2009 har mediedebatten om kva som er uislamsk eller umoralsk i stor grad omhandla ulike TV-program. Paragraf 20 i lov om massemedia viser til at:

Private radio and televisions are obligated to observe the principles and provisions of the holy religion of Islam, and national, spiritual and moral values and the psychological security of the Afghan nation in their programming (Mass Media Law 2009).

Særleg utanlandske seriar som omhandlar romansar utanfor ekteskapet og talentshow har blitt kritiserte. I to tilfelle har Tolo TV blitt stoppa frå å vise tyrkiske seriar fordi dei blir sett som 'uislamske, umoralske og i motsetnad til afghanske verdiar'. Begge omhandla unge kvinner med 'forbodne kjærleiksaffærar'. Også talentprogrammet 'The Afghan Voice' fekk sterk kritikk frå konservative rekker då kvinner song offentleg. Mens konservative krefter meiner desse programma korrupperer ungdom og afghanske verdiar, ser medieføretaka dei som viktige for å formidle andre kulturar enn den afghanske (Samandary 2013).

4.1.2 Grenser for islamkritikk

Det er svært låg toleranse for kritiske ytringar om islam i det offentlege rom. Amerikanske myndigheiter seier blant anna:

As a result of the legal restrictions (...), Afghans cannot debate the role and content of religion in law and society, advocate for the rights of women and religious minorities, or question interpretations of Islamic precepts without fear of retribution or being charged with religious "crimes" such as apostasy, blasphemy, or insulting Islam (USCIRF 2013).

Landinfo sine kjelder bekreftar langt på veg denne vurderinga av situasjonen, at det ikkje er ytringsfridom når det gjeld islam. Likevel nyanserer ein medieorganisasjon bildet noko. Representanten meiner at det er mogleg å diskutere islam i media. Spørsmålet er derimot i kva grad. Det vil vere mogleg å kritisere ein religiøs persepsjon/meining og vise til at denne ikkje er i samsvar med meningane til profeten Muhammad og hans næraste. Det vil derimot ikkje vere mogleg å kritisere eller stille spørsmål ved islam i si reine form; handlingane og meningane til profeten Muhammad og hans næraste, eller innhaldet i Koranen direkte. Representanten meiner personar som kjenner religionen godt, vil vite kvar grensa går når det gjeld kva ein kan diskutere og eventuelt kritisere. På den andre sida blir ytringsrommet

avgrensa av personar med mindre kunnskap om religion og ulike meiningar om kvar denne grensa går (samtale i Kabul, oktober 2013).

Slik Landinfo ser situasjonen vil manglande kunnskap om islam, og ueinigheit om tolkingar, også utgjere ei fare for sanksjonar mot journalistar og redaktørar som sjølv meiner dei er innanfor det som kan akseptast. Dei få blasfemisakene og noverande diskusjonar om kva TV-program som kan sendast, illustrerer motsetningane mellom konservative og meir liberale krefter. Ulema Council, øvste råd for religiøse leiarar i Afghanistan, sit tett på statsleiinga, og president Karzai nyttar dei som rådgjevarar. Den konservative ideologien har også gjenklang i delar av befolkninga, og utan internasjonalt nærvær og press, meiner ei kjelde at ein konservativ ideologi på linje med Taliban igjen kan bli rådande i landet (samtale i Kabul, oktober 2013). I desember 2013 ga talspersonen for Ulema i Vest-Afghanistan uttrykk for at medieføretak kunne gjere meir skade enn ein sjølvmondsbombar. Program dei hevdar er uislamske, musikkprogram og filmar der kvinner opptrer uanstendig, øydelegg moralen og truar kulturen og religionen til afghanarane, hevdar han (Alokozay 2013).

At ulike tolkingar definerer ulike grenser for kva som er akseptabelt, blir truleg spegla i befolkninga generelt. Sjølv om nemnte TV-seriar har vore populære blant store delar av befolkninga, vil det som blir oppfatta som eksplisitt kritikk mot islam, religionen si rolle i samfunnet, og etiske og moralske doktrinar, truleg vekke reaksjonar. Unntak kan vere i meir liberale kretsar.

4.2 'NASJONALE INTERESSER' – MYNDIGHEITSKRITIKK OG PERSONKRITIKK

Myndigheitene har eit uttrykt ønskje og nyttar det juridiske systemet for å avgrense krenking av 'nasjonale interesser' (jf. 3.1). Samtidig etterlyser medieorganisasjonar ein klarare definisjon av kva 'nasjonale interesser' omhandlar. Både det som blir definert som 'forstyrning av sosial orden' og 'ærekrenking av offentlege personar fell innunder den laust definerte kategorien.

Eksempelvis fekk den private TV-kanalen Zhwandoon forbod mot å kringkaste program etter eit talkshow i desember 2013 der ein diskuterte ulike etniske grupper og religiøs tilknytning. Diskusjonen var knytt til den pågåande behandlinga i parlamentet av om ny ID-dokumentasjon skal stadfeste etnisk og religiøs tilknytning, eller ikkje. Det var sterke reaksjonar mot programmet, som blei hevda å så splitting mellom ulike etniske grupper (Ahmadzai 2013). Likeeins skal nyheitsbyrået Pajhwok News Agency i august 2013 etter sigande ha blitt trua til å fjerne artikkelar som var kritiske til leiarskapet i det afghanske politiet (ANP) og det høge talet politi som mistar livet i teneste, frå si nettside (U.S. Department of State 2014).

Journalistar som er kritiske til identifiserte enkeltpersonar, kan også bli omfanga av denne kategorien. Den renommerte avisa 8a.m. var i 2013 kalla inn til statsadvokaten for å ha publisert ein artikkel med påstandar om at gruveministeren, Mr. Shahrani, var involvert i korrupsjon (Samandary 2013). Likeeins blei i juli 2013 ein journalist i avisa Mandegar Daily arrestert etter å ha skrive ein artikkel om korrupsjon i myndigheitsorganet High Office of Oversight and Anticorruption (HOO). Direktøren i HOO skal ha forlangt at statsadvokaten sitt kontor skulle arrestere journalisten. Etter ti dagar i varetekt blei journalisten lauslatt mot kausjon. Ved utgangen av 2013 var saka ikkje løyst (U.S. Department of State 2014).

Sakene viser at myndigheitene, og personar med tett tilknytning til myndigheitene, har moglegheit til å utøve direkte press mot media for å hindre kritisk omtale.

Det er likevel ikkje all kritikk mot myndigheitene som fører til reaksjonar. Det amerikanske utanriksdepartementet viser til at eit forholdsvis stort utval av dagsaviser og magasin opent kritiserer myndigheitene i generelle vendingar. Samtidig viser dei til at truslar, vald og utpressing blir brukt, særleg når det handlar om straffefridom, krigsbrottsverk, kritikk mot myndigheitstilsette og lokale maktpersonar (U.S. Department of State 2014).

Ifølgje ein medieorganisasjon (samtale Kabul, oktober 2013) varierer det geografisk når det gjeld kva type kritikk, og av kven, ein kan publisere utan å risikere reaksjonar. Kjelda meiner at generell myndigheitskritikk stort sett ikkje vil leie til alvorlege sanksjonar for den/dei som rapporterer. Unntak vil vere om ein direkte kritiserer namngitte personar, med skuldingar om særleg korrupsjon, krigsbrottsverk eller andre alvorlege forhold.

I Kabul og andre myndigheitskontrollerte områder er det forholdsvis enkelt, og ufarleg, å vere kritisk til Taliban. I sør og aust må ein derimot vere forsiktig med å kritisere Taliban og Pakistan. I vest og nord bør ein unngå kritikk av Mujaheddin og Iran. I tillegg til myndigheitstilsette, Taliban og andre væpna opposisjonelle er, ifølgje Afghan Journalist Safety Committee (AJSC), lokale krigsherrar og narkotikasmuglarar ei kjelde for press og vald mot journalistar, særleg i rurale strøk. Journalistar kan i liten grad rapportere om handlingane til desse personane og gruppene utan å bli utsette for truslar og vald. I den grad det er nyheitsrapporter om denne type saker, er dei gjerne skrivne av journalistar basert i Kabul eller større byar, som gjennom dette har ein relativt betre sikkerheit enn journalistar som bur i lokalområdet (AJSC 2014).

Kva tema ein kan diskutere eller kritisere vil dermed ha samband med og variere ut frå kven som har makt i dei ulike geografiske områda.

4.2.1 'Ærekrenking'

I heile landet kan direkte kritikk av namngitte personar føre til reaksjonar om personen har makt og middel til å utføre desse, enten via myndigheitsapparatet eller på eige initiativ. Anders Sømme Hammer viser til eit illustrerande eksempel (Jensen & Hammer, s. 149-156). Journalist og skribent Kazim Amini i Faryab-provinsen skreiv ein kritisk artikkel om at guvernøren i provinsen skulle få hovudgata i provinshovudstaden Maimane kalla opp etter seg. Journalisten hadde forslag om femti andre personar som hadde gjort seg meir fortent. Det vart avslørt at ei gruppe menn planla å angripe journalisten. I eit møte mellom guvernøren og journalisten, nekta guvernøren for all kjennskap til det planlagde angrepet, men lovde å forhindre det.

Journalisten skreiv likevel ein ny artikkel etter at gateskilta var sett opp. Kort tid etter blei journalisten overfallen og skada av væpna menn. Guvernøren blei igjen kontakta, men var ikkje tilgjengeleg. Ingen mistenkte blei tatt inn til avhør. Ved ein seinare anledning stilte journalisten spørsmål om uregelrette betalningar ved utskriving av pass. Amini måtte etter dette forklare seg til den lokale påtalemyndigheita. Hammer meiner dette var ein klar maktdemonstrasjon som stadfesta at sterkare sanksjonar ville bli sett i verk om Amini heldt fram med kritikk av maktpersonar og offentlege tenestemenn.

Saka illustrerer at myndigheitene og personar med tette band til myndigheitene, kan sette i verk sanksjonar om kritikk blir retta mot dei offentleg, og at dei kan utøve

press, direkte eller indirekte, mot medieaktører for å forhindre kritisk omtale av seg sjølv. Det vil likevel ikkje vere nokon absolutt grense for kva som vekker reaksjonar. Freedom House meiner at det i 2012 var lettare enn tidlegare å omtale menneskerettsbrot, korrupsjonsskandalar og tabubelagde områder som valdtekt, også i tilfelle der myndigheitspersonell har vore innblanda (Freedom House 2013). Slik Landinfo kjenner situasjonen vil risikoen for reaksjonar truleg variere ut frå karakteren og alvorlegheitsgrada av påstandane, samt makt og nettverk til den skulda personen.

Det er naturleg å anta at personar med makt utanfor myndigheitsapparatet også utøver liknande direkte og indirekte press. Ein skribent opplyste at kritikken i realiteten må vere publisert og tilgjengeleg for personen som blir kritisert, for at vedkommande vil vurdere å sette i verk reaksjonar (samtale i Kabul, oktober 2013).

5. VOLD OG TRUSLAR MOT JOURNALISTAR

Organisasjonane Afghan Journalist Safety Committee (AJSC) og Supporting Open Media in Afghanistan (Nai) registrerar truslar, fysisk vold og drap som journalistar er utsette for. Organisasjonane hevdar at det stadig blir vanskelegare å utføre kritisk journalistikk i Afghanistan, og at tal på registrerte truslar og valdelege angrep har auka dei seinaste åra.

I 2013 viser Nai til i alt 67 registrerte tilfelle av truslar, vold eller drap (Nai u.å.). Av desse er det tre drepne, sju hardt skadde og seks personar som har blitt fengsla. Dei resterande har blitt utsette for truslar eller fysisk vold. Myndigheitspersonell, inkludert sikkerheitsstyrkane, er registrert som 'gjerningsmenn' i heile 50 av dei rapporterte sakene. Taliban og væpna opposisjonelle står bak 6 saker. I åtte tilfelle er gjerningspersonane ukjente, og internasjonale militære styrker skal stå bak to hendingar (Nai u.å.). Ifølgje AJSC blir dei fleste voldsepisodane der myndigheitspersonell er medverkande, registrert i samband med større angrep eller kamphandlingar. Her forsøker ofte sikkerheitspersonell å hindre journalistar å få innpass på åstaden for å rapportere, ofte med valdelege metodar (AJSC 2014).

Også andre kjelder viser til at myndigheitene i større grad avgrensar tilgang for journalistar, særleg ved angrep i Kabul, for betre å sjølv kunne kontrollere kva informasjon borgarane får i ettertid (Landinfoseminar, 31. januar 2014). AJSC set dette i samanheng med at myndigheitene stadig blir mindre villige til å dele informasjon med journalistar, og den manglande 'Access to Information Law' (jf. 3.1.). Det same gjeld Taliban i områder dei kontrollerer. Truslar og til tider vald blir utøvd for å sikre at rapporteringa favoriserer Taliban og deira handlingar (AJSC 2014). Ein medieorganisasjon påstår at myndigheitene ikkje står bak drap på journalistar. Drap blir hovudsakleg utført av Taliban eller andre ukjente væpna menn (samtale i Kabul, oktober 2013).

Av dei tre drapa på journalistar registrert i 2013, er gjerningsmennene ikkje identifisert (Nai u.å.). Interesseorganisasjonar har tidlegare gått ut og kritisert myndigheitene for manglande vilje til å etterforske og stille personar til ansvar for vald og drap på journalistar (Mohseni 2013). Manglande etterforsking og straff av

gjerningspersonar bidreg også til dårlegare rettssikkerheit for journalistar, og at journalistar blir meir forsiktige med kva dei rapporterer om.

I august 2014 rapporterer Nai at registrerte tilfelle av truslar og vald mot journalistar har auka med 50 prosent samanlikna med 2013. Bakgrunnsfaktorane er samanfallande med føregåande år (Fitri 2014). I og med at organisasjonen ikkje har publisert ei fullstendig oversikt og analyse av registrerte trussel- og valdstilfelle i 2014³, har Landinfo valt å ikkje omtale hendingar i 2014 i dette notatet.

6. SJØLVSENSUR

Uklart lovverk i tillegg til direkte og indirekte press og sanksjonar frå både myndigheiter og privatpersonar er grunnar til at journalistar og forleggarar/utgjevarar i stor grad utøver sjølvensur. Det amerikanske utanriksdepartementet hevdar at sjølvensur er særleg utbreidd rundt tema som administrativ korrupsjon, underslag av landeigedomar, og myndigheitstilsette si involvering i narkotikatrafikk. Dette skyldast frykt for å bli straffa av myndigheitspersonar eller lokale maktaktørar (U.S. Department of State 2014).

Historia om journalisten og skribenten Kazim Amini er illustrerande for korleis aktive og kritiske journaliststemmer etter kvart kan stilne. Etter fleire angrep, og eit utal truslar, har Amini slutta å publisere kritiske avisreportasjar han vil ikkje at borna hans skal vekse opp utan ein far. I 2014 nøyer han seg med å legge ut statusoppdateringar på Facebook, han har slutta å kommentere politikk direkte og held seg til korte dikt som er opne for tolking (Jensen & Hammer 2014, s. 157).

I samtale med Landinfo hevda ein skribent at journalistar, skribentar og utgjevarar veit kvar grensa går for kva dei kan, og ikkje kan, publisere utan å risikere reaksjonar. Journalistar som er opptatt av kontroversielle tema eller er kritiske til maktpersonar, skriv om dette på ein 'smart måte' og 'mellom linjene'. På den måten prøvar dei å auke toleransen for kva som kan diskuterast offentleg (samtale i Kabul, oktober 2013).

Slik Landinfo forstår situasjonen er sjølvensur hovudgrunnen til at ein blant anna ikkje ser diskusjonar rundt islam i offentleg media. Truslar og frykt for vald er også truleg hovudgrunnen til manglande rapportering om kritikkverdige forhold der mektige personar er involvert.

7. SOSIALE MEDIA

Sosiale media er i framvekst i Afghanistan. Tilgang til datautstyr, elektrisitet og internett, i tillegg til teknisk kunnskap for å bruke utstyret, avgrensar kor stor del av befolkninga som brukar sosiale media.

³ Heller ikkje Afghan Journalist Safety Committee (AJSC) har publisert registrerte trussel- og valdshendingar frå 2014, før dette notatet blir publisert.

7.1 OMFANG OG BRUK

Ifølgje MoIC (Ministry of Information and Culture) skal rundt 30 prosent av befolkninga ha direkte eller indirekte⁴ tilgang til internett. Ein representant frå ein medieorganisasjon meiner at det er optimistisk å anta at 20 prosent av befolkninga har tilgang. Dette inkluderer den aukande bruken av mobiltelefonar og smarttelefonar med tilgang til 3G (samtale i Kabul, oktober 2013). Undersøkinga gjennomført av Asia Foundation viser til at berre 3 prosent brukar internett for å tileigne seg informasjon (Hopkins 2013, s. 101).

Sjølv om tala er sprikande, er det naturleg å anta at det primært er den yngre generasjonen og ein utdanna middelklasse, særleg i urbane strøk, som brukar internett. For dei som ikkje har ressursar til å ha internett heime, har – i større byar – ei mengde internettkafear, samt offentlege og private kontor, nett-tilgang. Tilgang via mobiltelefon er stadig aukande, og 3G-nett er under utbygging i fleire større byar.

Av sosiale media er Facebook og Twitter mest populære. I 2013 var det registrert i overkant av 800 000 Facebook-kontoar i Afghanistan, og rundt 300 000 Twitter-kontoar. Flickr, LinkedIn, YouTube og andre plattformer er i mindre grad også brukt. Både menn og kvinner brukar sosiale media (samtale i Kabul, oktober 2013).

Bruk av sosiale media har auka etter 2007. I starten var blogging populært blant samfunnsdebattantar. Ifølgje representanten for ein medieorganisasjon har derimot Facebook etter 2009 i stor grad tatt over som plattform for publisering av meningsytringar og deling av nyheiter. Representanten ser fordelar med den direkte formidlinga av nyheiter sosiale media gjer mogleg. Angrep, tal på sivile drepne og skadde, demonstrasjonar og liknande kan bli rapportert sekund etter at det har intruffe, og plattformene blir kjelder for journalistar og andre medieføretak. Det er såleis ei god kjelde for tilgang til førstehandsinformasjon (samtale i Kabul, oktober 2013).

Sosiale media blir også nytta av sentrale politiske aktørar. Myndigheitene; ulike departement, sikkerheitstenesta (NDS) og ambassadørar, er aktive både på Facebook og Twitter. Talsmannen til Taliban informerer jamleg på Twitter om deira synspunkt og sigrar (@zabihmujahid). Under valet i 2014 blei sosiale media nytta aktivt i valkampen, både av presidentkandidatar og kandidatar til provinsråda (Sharifi 2014).

Facebook har i aukande grad utvikla seg til å bli ein arena for samfunnsmessige og politiske diskusjonar. Ifølgje representanten for medieorganisasjonen blir det på Facebook også diskutert tema som blir oppfatta som for kontroversielle i andre media. Dette kan til dømes vere 'sterkare diskusjonar' rundt religion, korrupsjon, straffefridom, kultur og liknande. I fleire tilfelle har tema som først har vore diskutert på sosiale media, danna grunnlag for diskusjonar og dekning i andre mediekkanalar. På denne måten kan sosiale media bidra til å ekspandere ytringsrommet for media generelt (samtale i Kabul, oktober 2013; Sharifi 2014).

Det er mindre grad av sjølvensur blant debattantar på Facebook og Twitter enn i andre media, hevdar ei kjelde. Dette kan delvis forklarast med at fleire deltek under pseudonym, og delvis med at på internett står debattantane sjølv ansvarlege, dei har ikkje ein redaktør som avgrensar meningsytringane (samtale i Kabul, oktober 2013).

⁴ Det vil seie at dei er medlem av ein husstand der ein eller fleire har tilgang til internett

‘Hat-meldingar’ og spreiking av usanne rykte førekjem også. AJSC hevdar at omfanget ikkje er stort samanlikna med dei som nyttar media på ein etisk måte. Moglegheta til direkte å kommentere bidreg også til at usanne rykte og hatmeldingar ikkje blir like effektive på sosiale media (AJSC 2013).

7.2 SENSUR

Ei kjelde hevdar at myndigheitene verken har interesse av, kapasitet til eller tekniske hjelpemiddel til å utøve sensur på internett. Det er berre to kjente tilfelle der myndigheitene har blokkert internettsider (samtale i Kabul, oktober 2013). Den 12. september 2012 blokkerte myndigheiter nettsidene YouTube og sider tilhøyrande Google for å hindre tilgang til den kontroversielle videoen om profeten Muhammad som hadde skapt demonstrasjonar i store delar av den muslimske verda. Google-sidene blei tilgjengelege i løpet av september, mens YouTube var blokkert fram til desember (Freedom House 2013). Ifølgje ei kjelde skal også BBC ha vore blokkert i ein kortare periode (samtale i Kabul, oktober 2013). Det amerikanske utanriksdepartementet viser til at det finst det truverdige rapportar om at myndigheitene kan avgrense tilgangen til internett. Samtidig påpeikar dei at myndigheitene har mangla kapasitet til å gjennomføre uttalt blokkeringsstrategi av gambling- og pornografisider (U.S. Department of State 2014).

Ei kjelde trur den forholdsvis avgrensa delen av befolkninga som brukar internett, er grunnen til at myndigheitene viser relativt liten interesse i å kontrollere. Vil bruken auke, kan det vere at myndigheitene fattar meir interesse i å utøve større kontroll. Per 2013 er det heller ikkje noko lovverk som regulerer internett i Afghanistan. På noverande tidspunkt ligg internett under massemedielova, definert som eit ‘elektronisk medium’. Fleire medieorganisasjonar arbeider for at Ministry of Information and Culture (MoIC) og parlamentet skal utarbeide ei lov på området (samtale i Kabul, oktober 2013).

7.3 REAKSJONAR / SANKSJONER

Det er berre registrert eit par saker der personar har blitt utsett for vald i etterkant av publisering på sosiale media. I juli 2012 skal journalisten Nazratulah Iqbal ha blitt utsatt for hard fysisk vald etter å ha skrive kritisk på Facebook om innhaldet i ei bok guvernøren i Parwan-provinsen gav ut. Journalisten blei invitert til å møte guvernøren på ein restaurant i Kabul, der valden skal ha blitt utført (Nai 2012). I mars 2014 skal fleire personar ha blitt stilt for retten i Herat skulda for å ha fornærma kandidatar til president- og provinsvalet på Facebook (Nai 2014). I juli 2014 hevdar ein reporter å ha blitt utsett for fysisk vald frå sikkerheitsvaktene til guvernøren i Panjsher, etter å ha påpeika svakheiter ved provinsadministrasjonen (Tanha 2014).

Sjølv om det verkar å vere lågare terskel og større aksept for kva som kan publiserast på sosiale medium, kan det likevel føre til reaksjonar i ettertid. Dei kjente tilfella er i stor grad lik situasjonen i andre mediekanalar: direkte kritikk mot identifiserte personar kan føre til reaksjonar om personane har makt, middel og interesse for å utføre dei.

8. REFERANSAR

Skriftlege kjelder

- AJSC, dvs. Afghan Journalists Safety Committee (2014, 3. februar). *Six-Months Report July – December 2013*. Kabul: AJSC. Tilgjengeleg frå <http://ajsc.af/reports/reportdec.pdf> [lasta ned 7. mars 2014]
- Ahmadzai, Mohammad Asif (2013, 8. desember). Private TV station ordered to suspend broadcasts. *Pajhwok Afghan News*. Tilgjengeleg frå <http://www.pajhwok.com/en/2013/12/08/ago-orders-private-tv-station-suspend-broadcasts?> [lasta ned 28. juli 2014]
- Alokozay, Mustafa (2013, 2. desember). Afghan Clerics Denounce Media. *IWPR*. Tilgjengeleg frå <http://iwpr.net/report-news/afghan-clerics-denounce-media> [lasta ned 4. august]
- Constitution of Afghanistan (2004, 3. januar). *Constitution of Afghanistan*. Ministry of Justice, GoA. Tilgjengeleg frå <http://moj.gov.af/en/page/1684> [lasta ned 10. mars 2014]
- Fitri, Khwaja Basir (2014, 5. august). Violence against journalists of the rise: Nai. *Pajhwok Afghan News*. Tilgjengeleg frå <http://www.pajhwok.com/en/2014/08/05/violence-against-journalists-rise-nai> [lasta ned 7. august 2014]
- Freedom House (2013, 10. oktober). *Freedom of the Press 2013 – Afghanistan*. Washington D.C.: Freedom House. Tilgjengeleg via UNHCR Refworld <http://www.refworld.org/cgi-bin/texis/vtx/rwmain?page=search&docid=52677bc414> [lasta ned 5. mars 2014]
- Hopkins, Nancy (ed) (2013, 4. desember). *Afghanistan in 2013 – A Survey of the Afghan People*. Kabul: The Asian Foundation. Tilgjengeleg frå <http://asiafoundation.org/resources/pdfs/2013AfghanSurvey.pdf> [lasta ned 29. juli 2014]
- HRW, dvs. Human Rights Watch (2009, 10. mars). *Afghanistan: 20-year sentence for journalist upheld*. New York: Human Rights Watch. Tilgjengeleg frå <http://www.hrw.org/en/news/2009/03/10/afghanistan-20-year-sentence-journalist-upheld> [lasta ned 17. mars 2014]
- IWA, dvs. Integrity Watch Afghanistan (2014, 1. juli). *Approval of access to Information Law is the biggest achievement towards transparency and accountability in Afghanistan*. Kabul: Integrity Watch Afghanistan. Tilgjengeleg frå http://www.iwaweb.org/news/news0010_approval_ati_law.html [lasta ned 30. juli 2014]
- IWPR, dvs. Institute for War and Peace Reporting (2013a, 19. juni). Afghan Journalist Training Reform One Step Closer. *IWPR*. Tilgjengeleg frå <http://iwpr.net/report-news/afghan-journalist-training-reform-one-step-closer> [lasta ned 30. juli 2014]
- IWPR (2013b, 11. september). All Change for Afghan Journalism Teaching. *IWPR*. Tilgjengeleg frå <http://iwpr.net/report-news/all-change-afghan-journalism-teaching> [lasta ned 30. juli 2014]
- Jensen, Carsten & Hammer, Anders Sømme (2014). «Alt dette kunne vært unngått» - En reise gjennom det nye Afghanistan. Oslo: Forlaget Press
- Mass Media Law (2009). *Mass Media Law*. Kabul: Ministry of Justice. Tilgjengeleg frå http://gfmd.info/images/uploads/English-Media_Law_2009.pdf [lasta ned 10. mars]
- Mohseni, Geeti (2013, 26. november). Journalists demand investigation into unsolved murders. *TOLONews*. Tilgjengeleg frå <http://www.tolonews.com/en/afghanistan/12872-journalists-demand-investigation-into-unsolved-murders> [lasta ned 30. juli 2014]
- Nai (u.å.). *Statistics of violence against journalists 2013*. Kabul: Nai. Tilgjengeleg frå <http://nai.org.af/en/page/media-watch> [Lasta ned 29. juli 2014]

- Nai (2012, 28. juli). *First Victim of Social Media during the Social Media Week*. Kabul: Nai. Tilgjengeleg frå <http://nai.org.af/en/page/first-victim-social-media-during-social-media-week> [lasta ned 28. juli 2014]
- Nai (2014, 5. mars). *Social media introduction to court, against the medial law in Herat Province*. Kabul: Nai. Tilgjengeleg frå <http://nai.org.af/en/page/social-media-users-introduction-court-against-media-law-herat-province> [lasta ned 28. juli 2014]
- Reporters Without Borders (2012, 13. juni). News outlets prosecuted for reporting that Iran bribed parliamentarians. *Reporters Without Borders*. Tilgjengeleg frå <http://en.rsf.org/afghanistan-news-outlets-prosecuted-for-13-06-2012,42779.html> [lasta ned 5. mars 2014]
- Samandary, Wazhma (2013, 9. desember). Rights & Freedoms: a 'Jihad on the Media'? Afghan journalists face the storm of insecure legal waters. *Afghanistan Analyst Network*. Tilgjengeleg frå <http://www.afghanistan-analysts.org/a-jihad-on-the-media-afghan-journalists-face-the-storm-in-insecure-legal-waters> [lasta ned 19. mars 2014]
- Sediqi, Rafi (2012, 3. oktober). Calls for Clarity on 'National Interests' Media Investigation. *TOLONews*. Tilgjengeleg frå <http://www.tolonews.com/en/afghanistan/7814-calls-for-clarity-on-national-interests-media-investigation> [lasta ned 11. mars 2014]
- Sengupta, Kin (2009, 7. september). Free at last: Student in hiding after Karzai's intervention. *The Independent*. Tilgjengeleg frå <http://www.independent.co.uk/news/world/asia/free-at-last-student-in-hiding-after-karzais-intervention-1782909.html> [lasta ned 17. mars 2014]
- Sharifi, Naib (2014, 6. april). Social Media – a game changer in Afghanistan's elections. *Afghan Journalists Safety Committee*. Tilgjengeleg frå <http://ajsc.af/index.php/2013-12-29-09-48-02/item/79-social-media-a-game-changer-in-afghanistans-elections> [lasta ned 4. august 2014]
- Sydney Morning Herald (2009, 15. september). Afghan parliament condemns journalist pardon. *The Sydney Morning Herald*. Tilgjengeleg frå <http://www.smh.com.au/world/afghan-parliament-condemns-journalist-pardon-20090915-fo3j.html> [lasta ned 17. mars 2014]
- Tanha, Farid (2014, 24. juli). Governor's guards beat up RTA reporter. *Pajhwok Afghan News*. Tilgjengeleg frå <http://www.pajhwok.com/en/2014/07/24/governor%E2%80%99s-guards-beat-rta-reporter> [lasta ned 28. juli 2014]
- UNAMA, dvs. UN Assistance Mission to Afghanistan (2012, oktober). Afghan journalists miffed by Government orders to 'control' media coverage. *UNAMA*. Tilgjengeleg via Refworld: <http://www.refworld.org/docid/5124ee952.html> [lasta ned 11. mars 2014]
- USCIRF, dvs. United States Commission of International Religious Freedom (2013, 30. april). *2013 USCIRF Annual Report – Tier 2: Afghanistan*. Washington D.C.: USCIRF. Tilgjengeleg via Refworld: <http://www.refworld.org/docid/51826ef1b.html> [lasta ned 11. august 2014]
- U.S. Department of State (2005, 8. november). *International Religious Freedom Report 2005 – Afghanistan*. Washington D.C.: U.S. Department of State. Tilgjengeleg frå <http://www.state.gov/j/drl/rls/irf/2005/51615.htm> [lasta ned 17. mars 2014]
- U.S. Department of State (2008, 19. september). *International Religious Freedom Report 2008 – Afghanistan*. Washington D.C.: U.S. Department of State. Tilgjengeleg frå <http://www.state.gov/j/drl/rls/irf/2008/108497.htm> [lasta ned 17. mars 2014]
- U.S. Department of State (2010, 17. november). *International Religious Freedom Report 2010 – Afghanistan*. Washington D.C.: U.S. Department of State. Tilgjengeleg frå <http://www.state.gov/j/drl/rls/irf/2010/148786.htm> [lasta ned 6. februar 2014]
- U.S. Department of State (2013, 20. mai). *Afghanistan 2012 International Religious Freedom Report*. Washington D.C.: U.S. Department of State. Tilgjengeleg frå <http://www.state.gov/documents/organization/208634.pdf> [lasta ned 28. august 2014]

- U.S. Department of State (2014, 27. februar). *Afghanistan 2013 Human Rights Report*. Washington: U.S Department of State. Tilgjengeleg frå <http://www.state.gov/documents/organization/220598.pdf> [lasta ned 5. mars 2014]

Munnlege kjelder

- Landinfoseminar: Sikkerheitssituasjonen i Kabul. Oslo, 31. januar 2014.
- Samtaler medieorganisasjon i Kabul, 24. oktober 2013
- Samtaler skribent i Kabul, 20. oktober 2013